

Kyrkjeblad for Lom



Bøverdal



Lom



Garmo

Nr. 2 - 2015 - 74. årgang



Før påske inviterte vi alle 10-åringar til påskeverkstad. Ei jente fann tid til å kome, og ho produserte flott påskepynt i stor skala! Pynten pryda påsketreet i Lomskyrkja i høgtida, til stor glede for kyrkjelyden. Mange takk for god innsats, Ingrid Grøna! Vi hadde ei triveleg stund i lag med deg.



Velkommen til biskop Solveig Fiske!

I mai får me storfint besøk i Lom kommune! Biskopen i Hamar, Solveig Fiske, kjem på såkalla bispevisitas til dei tre sokna; Garmo, Lom og Bøverdalen. Me gler oss sjølv sagt til vitjinga og ser fram til innhaldsrike og interessante dagar med vår biskop.

Det er heile 17 år sidan sist Lom har hatt bispevisitas – den gongen var det Rosemarie Køhn som vitja Lom kommune.

I førre kyrkjeblad skreiv eg noko om samarbeidet mellom kyrkje og kommune, og kor viktig dette samarbeidet er. Me treng å ansvarleggjere våre lokale politikarar til å syte for at kyrkjene og kyrkjegardane våre her i Lom vert teke vare på. Difor er regelmessig dialog og informasjon viktig mellom kyrkjelege organ og kommunale organ. Mi von er at dette vert sett på dagsorden når biskopen kjem.

Men samstundes er det viktig å ansvarleggjere kyrkja sine egne medlemmar i dei tre sokna våre. Me treng ihuga og interesserte menneske som kan ta vare på dei tre kyrkjene våre. Om ikkje kyrkjene vert brukte og folket syter for at kyrkjene vert tekne vare på – so vil me ikkje lenger kunne argumentere for auka løyvingar frå kommunen til kyrkjene.

Slik er det elles i samfunnet: når det ikkje lenger er nok ungar i skulekrinsen, vert skulen lagt ned. Når folk ikkje brukar den lokale butikken lenger, vert døra stengd. Og når folk ikkje lenger brukar biblioteket, friviljugsentralen, musea eller offentlege tenestetilbod – so vert det naturleg nok nedskjeringar i løyvingane. Såleis er det marknaden rår – anten me likar det eller ikkje.

Kyrkjene våre er tradisjonsrike og ein viktig del av vår kulturarv. Men dei er noko meir enn historiske bygningar. Dei er brukshus – og har ein viktig plass i menneska sine liv – både i glede og sorg. Folkekyrkja står sterkt i vår kommune og oppslutnaden om både messer og kyrkjelege handlingar er god. Men det seier seg sjølv at når eksempelvis to-tre menneske møter fram til enkelte messer – og me er samstundes tre tilsette til stades – so er det dårleg bruk av fellesressursane våre. Me treng difor ein open diskusjon om bruken av kyrkjene våre her i Lom. For å setje det på spissen: Må me i kyrkja tenkje som kommunen: når det ikkje lenger er born att, vert skulen nedlagt. Når folk ikkje brukar si lokale kyrkje, må me då stengja ho?

Eg vonar at bispevisitasen i Lom no i mai vil kunna setje fokus på folket sitt ansvar for si lokale kyrkje – og eg vonar verkeleg at folket i Lom vil møte «mannsterke» opp når biskopen kjem til Garmo kyrkje tysdag 5. mai, Bøverdalen kyrkje onsdag 6. mai og Lom kyrkje søndag 10. mai.

Dessutan vonar eg at kyrkjevalet til hausten vil bidra til auka engasjement og oppslutnad om kyrkja. Eg synest det er flott at me her i Lom har fått mange gode kandidatar til kyrkjevalet i haust – og eg gler meg til samarbeid og dugnad for kyrkjene våre.

Velkomen til biskop Solveig Fiske hit til Lom – og så vonar eg at mange lomverar vil møte opp når biskopen kjem!

Einar Gelius

Program bispevisitas:

Tysdag 5. mai	19:30 Kveldsmesse Bøverdalen kyrkje med nattverd
09:00 Lom kyrkje – start på visitasen	20:00 Kyrkjekaffi Boomerstuggu
10:00 Stabsmøte	
11:00 Soknerådsmøte	Torsdag 7. mai
12:30 Fellesrådsmøte	09:00 Loar skule – møte med elevane
19:00 Garmo kyrkje – folkemusikkmesse	10:30 Møte med lærarane Loar skule
20:00 Kyrkjekaffi Skogheim	11:30 Loar Barnehage
	13:30 Lom Ungdomsskule
Onsdag 6. mai	16:00 Norsk Fjellmuseum
09:00 Møte med Kommuneleiing og Lensmann	18:00 Lom kyrkje – Elevframføring
11:00 Lom Helseheim	
13:30 Lom vidaregåande skule	Sundag 10. mai
16:00 Så korn med 6-åringar ved Storstaburet (trusopppleringstiltak)	11:00 Lom kyrkje Visitagudsteneste med barnedåp
19:00 Raking Bøverdalen kyrkjegard	13:00 Kyrkjekaffi med visitasforedrag

Kyrkjevalet 2015

Kyrkja treng gode rådsmedlemmar

Det lokale kyrkjelege rådet er eit viktig organ fordi det er folkevald, men også fordi dette er personar som kjenner lokalsamfunnet og lokale tradisjonar som kyrkja er ein del av. "Eg har stor forståing for at avtropande råd har kjent denne valperioden som arbeidsam og krevjande," seier biskop Solveig Fiske. Kyrkja har blant anna arbeidd med fleire reformer og forslag til lovendingar som har vore ute på høyring. Difor er det gledeleg at fleire likevel takkar ja til attval, noko som stadfestar at engasjement for lokalkyrkja faktisk gjev noko attende. Avgjerder som vert tekne i neste valperiode vert viktige for kva slag kyrkje vi skal ha i åra framover. Dette gjeld ikkje berre på sentralt nivå i Den norske kyrkja, men også kva for fullmakter som skal leggest til soknenivå. Difor treng vi gode rådsmedlemmar som kan ta vare på ei kyrkje folk flest kjenner seg knytt til, samt ser som ein naturleg arena for feiring av dåp, konfirmasjon og vigsel.

Det skal også veljast nytt bispedømeråd ved kyrkjevalet til hausten. Førebels kandidatliste til leke medlemmar av nytt bispedømeråd var klar 1. mars. Fram til 1. mai er det høve til å stille alternative lister. Bispedømerådet består av ti medlemmar og alle bispedømeråd i landet utgjer til saman Den norske kyrkja sitt «Storting», Kyrkjemøtet.

På www.kirken.no/hamar ligg det stoff og opplysingar om kyrkjevalet og dei førebels listene til bispedømerådsvalet med presentasjon av kandidatane.

Kven har røysterrett ved kyrkjevalet?

Røysterrettsalderen ved kyrkjeval er lovfesta til 15 år. Om du fyller 15 år i løpet av valåret, har du altså røysterrett. Men du kan ikkje stille som kandidat før du fyller 18 år i valåret. Reglar for val av lokalt kyrkjeleg råd og bispedømeråd seier at kandidatlistene bør ha 20 % ungdomsrepresentasjon. Dette er kandidatar som er under 30 år, og det kan nok vere ei utfordring i dei lokale vala. Men på den foreløpige kandidatlista til

nytt bispedømeråd er 4 av dei 18 kandidatane under 30 år!! Kyrkja treng dei unge si røyst, og ved årets kyrkjeval vil det vere særskild fokus på informasjon retta mot unge veljarar.

Kandidatlistar for lokalt val 2015

Listene for våre tre sokn er no klare:

BØVERDALEN SOKN:

1. Asbjørn Hansen, 62 år
2. Randi Glimsdal Bakke, 52 år
3. Steinar Aabø, 29 år
4. Mina Rigmor Marstein, 53 år
5. Anne Regina Galde, 34 år
6. Kari Anna Bækken, 61 år
7. Halldis Solfrid Kvålshagen, 52 år
8. Ingrid Vassmo Sulheim, 35 år

GARMO SOKN:

1. Torstein K. Garmo, 66 år
2. Sigrun Garmo, 49 år
3. Steinar Hov, 56 år
4. Helge Husom, 55 år
5. Bodil Kleiven, 48 år
6. Tina Turtum, 24 år
7. Ole Rune Skansen, 46 år
8. Oddrun Pauline Løkken, 32 år

LOM SOKN:

1. Bente Kristin Sulheim Ovesen, 64 år
2. Rolv Olav Rusten, 60 år
3. Marit Sletten, 23 år
4. Eldri Bjørnstad Kolden, 43 år
5. Per Morten Mork, 48 år
6. Bård Hanem, 75 år
7. Mariann Helstad, 48 år
8. Per Håvard Husom, 50 år
9. Aud Kvamme, 44 år
10. Kjell Magne Lunna, 55 år





Aktivitetar:

Annankvar måndag møtest **strikkegruppa «Bundingen»**. Neste gong er 11. mai, og den 8. juni er det avslutning til sommaren. Ta med deg handarbeid. Velkomen til «gamle» og «nye»! Det vil bli annonsert kva tid gruppa startar oppatt hausten 2015.

Småbarnstreff fylgjande onsdagar framover: 6. mai, 20. mai: trilletur i Gamelvegen og servering i Presthaugen (om vêret tillèt det), og siste før sommaren 27. mai: trilletur i Gamelvegen og avslutning til sommaren i Presthaugen (om vêret tillèt det).

Det vil bli annonsert kva tid treffan startar oppatt hausten 2015.



Songstund småbarnstreff. Foto: Ella Hoel.

Gå-gruppe «Ut på tur»: Kvar torsdag kl.11:30, til og med den 18. juni. Etter turen vert det servert lunsj på Friviljugsentralen. Turgruppa skal på fjellturar i mai og juni, det vil bli nærare annonsert. Kom og bli med på fine turar i nærområdet og til fjells.

Arrangørar: Frisklivssentralen og Friviljugsentralen.



Gå-gruppe. Foto: Ella Hoel.

Fredagstreff kvar fredag kl.10:30. Avslutning til sommaren fredag den 12. juni. Ein sosial møteplass, nysteikte vaflar, kaffi og bingospeling. Av og til god underhaldning. Velcome til «gamle» og «nye». Treng

du skyss, ta kontakt med Friviljugsentralen. Det vil bli annonsert kva tid treffan startar oppatt hausten 2015.

Lom Seniordans inviterer til dans og triveleg samvær kvar torsdag kl.11:30 i Storstuggu på Lom Helseheim. Lom Seniordans ynskjer seg fleire dansarar, ta kontakt med Thea Gjeilo el. Eldri Bakke. Du kan òg møte opp i Storstuggu for å sjå og lære seniordans.

Lom Friviljugsentral skal flytte inn i anna lokale hausten 2015. I Drengjestuggu skal det byggast om til Friviljugsentral i 1. etasjen. Det vil bli annonsert og markert «ny opning» av sentralen.

Dagleg leiar Ella Hoel ynskjer å koma i kontakt med fleire som kan tenkje seg å gjera ein innsats i Friviljugsentralen. Det kan vera: besøksteneste på Lom Helseheim, fylgjeteneste til sjukehus o.a. Hjelpar på fredagstreffan: kjøkenhjelp og sjåførar. Hjelp på småbarnstreffan og ved enkelte arrangement.

Ta kontakt med Ella på tlf. 99 69 38 47, eller stikk innom Friviljugsentralen på fredagstreffan, for ein prat og kaffi og nysteikte vaflar.

Velkomen innom!



Fredagstreff. Foto: Ella Hoel.

Prestegardens Kvinneforening
Prestegardens Kvinneforening inviterer til møte på Sandom tysdag 9.juni klokka 18:00.



Dugnadar:

Lom kyrkjelege råd inviterer årleg til dugnader for å gjere det pent på kyrkjegardane våre. Det er triveleg å kome i lag og «donte». Det er planlagt rakedugnader på fylgjande tidspunkt:

- Raking Lom kyrkjegard 23. april kl. 17:00
- Raking Garmo kyrkjegard 29. april kl. 18:00
- Raking Bøverdalen kyrkjegard 6. mai kl. 18:00

Gjennom bidrag til blomfondet har vi høve til å pynte med fine blomar på alle gravene i Garmo, Bøverdalen og Lom. Det vert utdelt ei hovudplante og to kantplanter til kvar gravstad. Vi vonar bygdefolket vil hjelpe også med denne dugnaden, slik at alle gravstadane kan få pynt desse tidspunkta:

- Planting Lom kyrkjegard 4. juni kl. 17:00.
Alle 4-åringar vert inviterte til å kome og så frø denne dagen!
- Planting Garmo kyrkjegard 9. juni kl. 18:00
- Planting Bøverdalen kyrkjegard 10. juni kl. 18:00

Konfirmantjubileum:

Konfirmantjubileet i år er lagt til helga 1. og 2. august, med gudsteneste i Lom kyrkje søndag 2. august kl. 11:00. Dei som stod konfirmant i kyrkjene våre fylgjande datoar vil få invitasjonar i posten om stutt tid:

- ❖ **Bøverdalen kyrkje:** 27. juni 1965, 2. oktober 1955, 7. oktober 1945, 6. oktober 1935
- ❖ **Garmo kyrkje:** 20. juni 1965, 9. oktober 1955, 23. september 1945, 19. mai 1935
- ❖ **Lom kyrkje:** 13. juni 1965, 25. september 1955, 30. september 1945, 29. september 1935

Friviljuge:

Ynskjer du å hjelpe oss som sjåfør, tekstlesar og/eller kyrkjevært i samband med gudstenestene?

Lom og Skjåk samarbeider slik at det kvar helg skal vere tilbod om messe i minst ein av kommunane. Vi treng av og til sjåførar, då folk gjerne ynskjer å kome til gudsteneste men treng skyss bort og heim.

Vi har ei liste over trufaste hjelparar som stiller seg disponible som tekstlesarar og kyrkjeværtar under gudstenestene. Dette er vi svært takksame for, og det er plass til fleire! Med fleire namn på listene kan vi fordele dette enda meir jamt. Så om du ynskjer å hjelpe oss med ei gudsteneste eller to gjennom året, er vi glade for det. Dette gjeld både Bøverdalen, Garmo og Lom.

Kontakt kyrkjekontoret om du ynskjer å hjelpe oss, eller om du vil veta meir om oppgåvene.

Fasteaksjonen 2015:

Vi vil rette ein stor takk til konfirmantar med føresette, tilsette og andre friviljuge for flott innsats ved fasteaksjonen. Tusen takk til alle som gav pengar på bøssene konfirmantane våre bar rundt i bygda. Resultatet i år vart som følgjer:

- Bøverdalen kr. 3 940,-
- Garmo kr. 6 368,-
- Lom kr. 20 225,-

Konfirmant 2016:

Vi inviterer neste års konfirmantar og deira føresette til informasjonsmøte på kyrkjelydshuset i Lom tysdag 9. juni kl. 18:00. Invitasjon vil også kome i posten.

Ring oss, eller send gjerne ein e-post i forkant om det er særskilde ting de ynskjer å ta opp:

kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no eller soknepresten@lom.kommune.no

Telefonnummera er 61 21 73 39 eller 61 21 73 40.

Kyrkjelydstur

Det er framleis att nokre ledige plassar til kyrkjelydsturen som vi skreiv om i førre utgåve. Turen er fastsett til måndag 8. juni, med avreise frå kyrkjevollen i Lom kl. 07:30.

Det er nokre endringar i reiseruta: Vi køyrer over Valdresflya til Fagernes, vidare via Tynvegen til Årdal. Frå Årdal til Mannheller, der vi tek ferje over til Fodnes og køyrer vidare til Kaupanger. Heimvegen går over Sognefjellet.

Ta kontakt med Terje på tlf. 61 21 16 75 for meir informasjon og detaljar. Bindande påmelding til Terje innan 5. juni. Detaljert program og giro for betaling vert sendt i posten til alle påmelde.

Aktuelt:

I messeplanen bak i bladet står det ei oversikt over alle messer ut august. Sjå elles eige program for bispevisitasen 5.-7. mai, samt visitasmesse søndag 10. mai.

17. mai: Lom og Skjåk har som kjent musikk-korps i lag, og dette året er dei i Lom kl. 11:00.

17. mai er det difor messe kl. 10:00 i Lomskyrkja, og 17. mai-toget går frå kyrkjevollen kl. 11:00. Vidare vert det messe i Garmo kl. 12:00 og i Bøverdalen kl. 14:00 Grunnlovsdagen.



Kunngjeringar



1. pinsedag, 24. mai kl. 11:00, er det konfirmasjon i Lom med 22 konfirmantar.

Påfølgjande søndag, 31. mai kl. 11:00, er det konfirmasjon i Garmo med 8 konfirmantar, og søndag 7. juni kl. 11:00 er det konfirmasjon i Bøverdalen med 2 konfirmantar.

I samband med **Fjordingsmartnan 19.-21. juni** vert det «martnasmesse» i Lomskyrkja fredag 19. juni kl. 19:30.

Tradisjonen tru vert det **Olsokmesse i Lomskyrkja onsdag 29. juli kl. 18:00** før kvelden held fram med program i Presthaugen. Dette vert annonsert i Fjuken og på heimesidene våre.

Sundag 2. august er det konfirmantjubileum i Lom, der 50-, 60-, 70- og 80-årskonfirmantar vert særskild inviterte. (Sjå notis side 5).

Lom har som kjent fått tildelt Landsfestivalen i gammaldansmusikk dette året, og denne er lagt til perioden onsdag 5. august til søndag 9. august. **Sundag 9. august** vert det gammaldansmesse i Lomskyrkja kl. 10:00. Denne messa vert radiooverført på P1.

Vi vil dette året setje i gang eit nytt tiltak i trusopplæringa, retta mot 11- og 12-åringar. Desse vil bli inviterte med på overnattingstur ved Dalsvatnet 29.-30. august. Der vert det mykje aktivitet, og vi skal fiske og kose oss. **Sundag 30. august** inviterer vi alle til utemesse ved Prestehytta ved Dalsvatnet kl. 11:00.



60 år med tverrkyrkjeleg retreat i Noreg

I år er det 60 år sidan Edin Løvås starta opp med retreat på Sandom, det ombygde småbruket ved Kollavegen i Lom. Dette var eit pionerarbeid. På denne tida var ordet retreat nytt og mistenkjeleg for mange.

Men det som blei starta var livskraftig! Vi kan ikkje berre feire 60 år med retreat på Sandom. Det har vakse fram retreatstader rundt i heile landet. I vår tid er ikkje retreat eit framandord lenger, og Sandom har gjester frå ulike kyrkjesamfunn og samfunnslag. Dei har teke med seg element frå retreaten, t.d. bønekrukka, attende til sine grupper. Ord som stille, stoppa opp, fokusere, vere til stades, har blitt attraktive for mange i samfunnet vårt. Difor tenkjer vi at retreat framleis vil vere viktig. Også i jubileumsåret er vi opptekne av å gjere Sandom til ein god stad å trekkje seg attende til. Vi satsar friskt med fleire ulike typar retreatar. Det kan du lese om på heimesidene våre: www.sandom.no.

Det spesielle ved Sandom har alltid vore fokuset på Jesus Kristus, og tilhøvet til han. Edin Løvås introduserte Jesus-meditasjonen. Han er like aktuell i dag og blir praktisert av mange, på retreat så vel som i kvardagen. For 60 år sidan kunne ikkje Edin røpe at Jesus-meditasjonen eigentleg kom frå Ignatius av Loyola sine andeleg øvingar. I dag er desse øvingane aktuelle for fleire og fleire, og vi inviterer til ignatiansk retreat også på Sandom. Slik har tidene forandra seg.

Det faste husfolket på Sandom vil markere jubileet



ved å reise på studie- og inspirasjonstur til ein annan stad som Edin Løvås henta inspirasjon frå - den tverrkyrkjelege kommuniteten Taize i Frankrike. I løpet av desse åra har songane frå Taize også blitt felleseige for kyrkjene i Noreg.

Vi vil ha ei enkel markering av jubileet på Sandomstiftelsen sitt årsmøte første helga i mai. Laurdag 2. mai frå kl 16:00 til kl 19:00 inviterer vi alle som vil til Pilgrimsvandring i området kring Sandom. På vandringa er det lagt inn stopp som vi vonar kan bli til inspirasjon!

Sundag 3.mai inviterer vi til økumenisk gudsteneste i kapellet på Sandom saman med baptistkyrkja på Otta. Etter messa serverer vi eit enkelt lunsj-måltid til alle som kjem. Velkomen til å vere saman med oss denne helga!



Kunngjeringar



Heim og ætt

BØVERDALEN

08.03: Gina Kvalshagen Breivik, Vestnes

LOM

05.04: Oda Smedsmo

19.04: Iver Stamstad Oldren, Trondheim

19.04: Rønnaug Vole Mallaug Tessanden

19.04: Rønnaug Stamstad



GARMO

10.03: Ragnhild Bakke, f. 1923

LOM

13.03: Steinar Runningen, f. 1933

01.04: Karen Hoft, f. 1922

Omvisartenesta 2015:

Omvisartenesta i Lomskyrkja er så smått i gang, og byrjar dagleg sommarsesong frå 18. mai. Frå 18. mai til 8. juni held dei ope frå kl. 10:00 til 16:00 kvar dag. Frå 9. juni til 17. august held dei dagleg ope frå kl. 09:00 til 19:00, deretter frå kl. 09:00 til 17:00 ut august. Frå 1. til 20. september held dei ope frå kl. 10:00 til 16:00.

Sidan Lomskyrkja er ei brukskyrkje, vert den sjølvsagt stengd for turistar under kyrkjelege handlingar som vigsel og gravferd.

Arbeidsleiar:

Torunn Kjøl

Omvisarar:

Lars Bakkom, Anna Moe, Aase Helland, Sindre Banken, Estin Blessom, Signe Marit Hyrve, Rannei Hosar, Trygve Garmo, Vemund Olav Aukrust, Arp Frerich Schmidt.

LOM KYRKJELAG

Du treffer folk på dei **KYRKJELEGE KONTORA** på Midtgard månd. – fred. kl. 10:00 - 14:00
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom.
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD

Jon Kleiven, tlf. 970 32 594

SOKNEPREST

Einar Gelius, tlf. 61 21 73 40
Prestegarden: 906 55 838

e-post: soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE

Borghild Skarelv, tlf. 61 21 73 38
e-post: kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYSSEKRETÆR & TRUSOPPLÆRAR

Gunn Berit Vole Mork, tlf. 61 21 73 39
e-post: kyrkjelydssekretar@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR

Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR

Jonas Fjeld

Tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75 kl. 10:00 – 14:00
Tlf. Garmo kyrkje, 61 21 24 37 kl. 10:00 – 14:00
Tlf. Bøverdalen kyrkje, 61 21 20 27 kl. 10:00 – 14:00
e-post: kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET

Bankkontonr.: 2085.07.11772

OMVISARTENESTA, tlf. 970 75 397

1. mai – 1. oktober

(kontakt kyrkjekontoret elles i året)

KYRKJEBLAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Randi Glimsdal Bakke, Merete Byrøygard, kyrkjelydssekretæren og soknepresten

SIDOPPSETT OG TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as, tlf. 61 27 73 50
e-post: lasse@dg-trykk.no

**Prestane sin vakttelefon
i Nord-Gudbrandsdal**
VAKTNUMMER 414 81 457
Kveld/natt: Kvardagar kl. 17:00-08:00
Helg: Fredag kl. 17:00 - Måndag 08:00


**Stoff-frist for neste kyrkjeblad er
20. august 2015**

Gudstenesteplan

Jfr. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, skriv vi inn det som skjer i Skjåk kyrkjekommune

<p>Sundag 03.05.2015 SKJÅK KYRKJE kl. 18:00.</p> <p>Tysdag 05.05.2015 GARMO KYRKJE kl. 19:00.</p> <p>Onsdag 06.05.2015 LOM HELSEHEIM kl. 11:00. BØVERDAL KYRKJE kl. 19:30.</p> <p>Torsdag 07.05.2015 LOM KYRKJE kl. 18:00.</p> <p>Sundag 10.05.2015 LOM KYRKJE kl. 11:00.</p> <p>Sundag 17.05.2015 LOM KYRKJE kl. 10:00. GARMO KYRKJE kl. 12:00. BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00.</p> <p>Sundag 24.05.2015 LOM KYRKJE kl. 11:00.</p> <p>Onsdag 27.05.2015 LOM HELSEHEIM kl. 11:00.</p> <p>Sundag 31.05.2015 GARMO KYRKJE kl. 11:00.</p> <p>Sundag 07.06.2015 BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.</p>	<p>5. søndag i påsketida Tårnagentmesse. 8-åringar frå Skjåk og Lom er inviterte som tårnagentar på eige opplegg denne dagen</p> <p>Folkemusikkmesse</p> <p>Andakt Kveldsmesse med nattverd</p> <p>Konsertframføring med Lom Musik- og Kulturskule v/ Aud Sørhage</p> <p>6.søndag i påsketida Visitasmesse med barnedåp. Offer til ny golvløpar i Lomskyrkja. Etter messa vert det kyrkjekaffe med visitasforedrag.</p> <p>Familiegudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp</p> <p>Familiegudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp</p> <p>Familiegudsteneste. Offer til Kirkens Nødhjelp</p> <p>Pinsedag Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til konfirmanntarbeidet i bygda</p> <p>Andakt</p> <p>Treeiningssundag Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til konfirmanntarbeidet i bygda</p> <p>2. søndag i Treeiningstida Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til konfirmanntarbeidet i bygda</p>	<p>Sundag 14.06.2015 AURA i SKJÅK kl. 11:00.</p> <p>Fredag 19.06.2015 LOM KYRKJE kl. 19:30.</p> <p>Onsdag 24.06.2015 LOM HELSEHEIM kl. 11:00.</p> <p>Sundag 05.07.2015 BRIMI SÆTER kl. 11:00. MEDALEN BEDEHUS kl. 19:30.</p> <p>Sundag 12.07.2015 LOM KYRKJE kl. 19:30.</p> <p>Sundag 26.07.2015 NORDBERG KYRKJE kl. 11:00.</p> <p>Onsdag 29.07.2015 LOM KYRKJE kl. 18:00.</p> <p>Sundag 02.08.2015 LOM KYRKJE kl. 11:00.</p> <p>Sundag 09.08.2015 LOM KYRKJE kl. 10:00.</p> <p>Sundag 23.08.2015 LOM KYRKJE kl. 19:30.</p> <p>Onsdag 26.08.2015 LOM HELSEHEIM kl. 11:00.</p> <p>Sundag 30.08.2015 DALSVATNET kl. 11:00. (ved Prestehytta).</p>	<p>3. søndag i Treeiningstida Elvebrusmesse i Skjåk.</p> <p>Martnasmesse. Offer til ny golvløpar i Lomskyrkja</p> <p>Andakt</p> <p>6. søndag i treeiningstida Utemesse om veret tillét det. Songandakt, kaffekos etterpå.</p> <p>7. søndag i treeiningstida Kveldsmesse</p> <p>9. søndag i treeiningstida Messe</p> <p>Olsok Olsokmesse. Program i Presthaugen etterpå.</p> <p>10. søndag i treeiningstida Messe med konfirmanntjubileum</p> <p>11. søndag i treeiningstida Folkemusikkmesse i samband med Landsfestivalen</p> <p>13. søndag i treeiningstida Kveldsmesse</p> <p>Andakt</p> <p>Vingardssundagen Utemesse etter trusopplæringstiltak der 11- og 12-åringar har vore på overnattingstur</p>
---	--	---	--

*Vi tek atterhald om endringar. Sjå også annonse i Fjuken, oversikt i GD, samt vår eiga Facebook-side som heiter Lom Kyrkjekommune:
<https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune>*



STØRST AV ALT

Trusopplæring:

8-åringane er inviterte til Tårnagent-opplegg i lag med 8-åringane i Skjåk **3. mai**.

6-åringane er inviterte til to samlingar om stutt tid: **29. april** og **6. mai**. Den fyrste samlinga handlar om skulestart og tankar kring dette. Andre samlinga er i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea v/ Thea Grobstock Dalen. Her skal 6-åringane mellom anna få så korn og vatne på «gammal-måten» med skjeltrekor.

4-åringane vert inviterte til å kome og så frø ved plantinga i Lom **4. juni**.

11- og 12-åringane vert inviterte til overnattingstur ved Dalsvatnet **laurdag 29. august til søndag 30. august**. Vi vil også invitere desse alderstrinna frå Skjåk. Årets konfirmanntar vil få tilbod om å vere med som ungdomsleiarar.